



## I tillit til språket

Tale ved Ivar Aasen sin bauta, torsdag 25. juni 2015. Gaute Øvereng

Den 29. august 1842 får Ivar Aasen ei tillitserklæring i posten. Eit brev frå Vitskapsselskapet i Trondheim gir han det endelege svaret han har venta på i meir enn eitt år: ei stadfesting på at han dei neste to åra har ei sikker inntekt og det oppdraget han ønskjer. 150 spesidaler i året får han for å halde fram å undersøke og bearbeide dei norske dialektane leksikalsk og grammatisk. Korleis dette skal gjerast, overlet direksjonen i Vitskapsselskapet til han sjølv.

«Saavel Længden af den Tid, De agter at tilbringe i disse Egne, som Maaden hvorpaa De agter at anvende den, og de videre Reiser, som De efter nærmere Forslag senere maatte finde det tjenligt at foretage, overlader Dir. til Deres egen Skjønsomhed,» står det i brevet som er signert Bugge, Broch og Schwach.

Ivar Aasen hadde på denne tida ni års erfaring som lærar, og to år på privatskulebenken hos Prost Thoresen i Herøy. Som fagmann var han sjøvlært. Likevel blei han vist så stor tillit frå det ypparste fagmiljøet i Noreg at han fekk lage sin eigen forskingsplan. Dei kom sjølv sagt med gode råd, og tips til litteratur han burde lese og ha med, men likevel fekk Aasen stor fridom i å forme arbeidet sitt sjølv. «Vi have høiligen forundret os over, hvorledes denne Autodidact har kunnet opnaae ein saadan Skarpsindighet i Adskillelser og Sammenligninger, og tilegnet sig et saadant Bekjendtskab med andre herhenhørende Sprog og en saadan videnskabelig Orden og systematisk Form i Fremstillingen,» skreiv Frederik Moltke Bugge alt hausten før då han hadde lese gjennom Aasen sin sunnmørske grammatikk. Forarbeidet var tillitsvekkande nok, og for Bugge var han rett mann til rette tid. Dei to møttest to gongar i løpet av dei fire dagane Aasen var i Trondheim sommaren 1842, og dei to møta var tydelegvis nok til å stadfeste at Aasen var ein mann som ville vise seg tilliten verdig.

Systematikaren viser seg i si fulle lengde i brevet Aasen sender tilbake. Direksjonen tilbyr seg å sende Aasen ein kopi av arbeidsplanen dei har fått frå han, og får til svar: «Jeg kan herved meddele, at jeg allerede er i Besiddelse af en saadan, som jeg forsynede mig med ved samme Leilighed, da bemeldte Plan blev skreven.»

Aasen fekk med andre ord stor tillit i fagmiljøet, men for at innsamlingane skulle bli vellykka, måtte han også vinne tillit hos dei som snakka språket. Dette var han svært medviten om då han skreiv sjølvbiografien sin eitt år tidlegare. Grammatiske undersøkingar av det norske språket kunne berre gjerast av «En, der er født og opdragen i en Bondes Hytte.» Han måtte kome frå deira eiga stand.

For å få innpass hos sentrale personar i lokalmiljøet, hjalp det også med eit skriv frå oppdragsgivaren. Som då han kom til Kaptein Munthe i Kroken i Sogn alt første hausten. «Munthe vidste ikke noget forud om min Reises Hensigt, men da han af de Dokumenter, som jeg medbragte, havde overbeviiet sig derom, viste han sig meget fornøiet derover, og yttrede jævnlig, at dette Foretagende var meget "godlideligt",» skreiv Aasen i brev til Ludvig Daae.

Aasen forstod også at han måtte vere på ein stad der han fekk mange i tale, for å få med heile breidda i språket. Sjølv kor mange bøker og pergamentbrev kaptein Munthe

hadde som kunne interessere Aasen, blei han ikkje der lenge. «... hans Bopæl hedder Krogen og svarer til sit Navn», skreiv Aasen.

Aasen vann tillit i alle lag av samfunnet, og visste det var nødvendig. For oss er det like viktig at han hadde stor tillit til at språket hans var godt nok til å bygge eit skriftspråk på. Som han skreiv det sjølv i *Om vort skriftsprog*, alt i 1836:

«Vi treng aldri å søkje ut over landegrensene etter eit språk. Vi burde heller leite i våre egne gøymser og sjå etter kva vi sjølve eigde før vi tok til å låne av andre. Like så lite som det burde tene ein fri mann til ære å trygle om å få av andre det han sjølv alt har nok av, like så lite tener det oss til ære at vi heller samlar utanlandske ord enn at vi nyttar dei som er allment kjende og brukte i bygdene våre.»

Lånet frå utlandet har ikkje blitt mindre i tida etter. Men gjennom Dei nynorske festspela skal vi vise oss tilliten verdig, og løfte fram det språket som er bygt på vårt eige. I respekt og i takksemnd til Ivar Aasen.